

## 7 Pleie og omsorg

### Drift

Teneste	7 Pleie, omsorg, sosial	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1000	2020	2020	2020	2019
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	0	-	-	103
2130	VAKSENOPPLÆRING	-1	-	-	582
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	480	-	-	-
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 269	3 350	3 350	4 294
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 526	2 102	2 102	913
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 411	2 676	2 676	2 042
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-	-	-	133
2421	FLYKTNINGKONTOR	1	-	-	1 905
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 391	1 347	1 347	1 299
2440	BARNEVERN TENESTE	-	-	-	134
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	8 420	7 087	7 087	6 962
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	329	402	402	335
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	61 529	63 952	63 885	63 450
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	8 133	9 287	9 287	9 270
2542	NATTENESTE HEIMEBASERT OMSORG	-	-	-	-1
2543	AVLASTNING	13 749	-	4 813	2 965
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	5 007	5 276	5 276	4 426
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	1	-	-	-
2546	GISKE OMSORGSSENTER	24 869	25 370	25 303	24 712
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	24 387	21 551	21 408	18 914
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	1 326	1 175	1 040	917
2650	OMSORGSBUSTADAR	12	16	23	23
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	-	-	-	3 576
<b>Sum gruppeansvar: 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL</b>		<b>156 840</b>	<b>148 404</b>	<b>147 999</b>	<b>146 953</b>

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt, Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til ny smittevern avdeling, utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD).

### Økonomi

Rekneskapet viser eit samla meirforbruk på kr 8,436 mill i ramme 7.

Det største meirforbruket er knytt til tenesta avlastning, med ca kr 9 mill. Dette er nye ressurskrevjande brukarar som har kome til i løpet av året og endring i tenestetilbod, som det ikkje var budsjettert for. Bufellesskap funksjonshemma har eit meirforbruk med om lag kr 3 mill, også her er det knytt til nye ressurskrevjande brukarar som har kome til i år. Det ligg eit meirforbruk kr 1,3 mill knytt til pleie/omsorg, hjelp i institusjon. Årsak til meirforbruket er knytt til kr 390 000 til bøter i høve utskrivingsklare pasientar ved sjukehuset, og ikkje budsjettert kjøp av Øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD). Drift av institusjon, avd Skogly på Vigra, viser eit mindreforbruk med kr 500 000. Kommunen har arbeidd med fleire tiltak og hatt eit tett samarbeid mellom tenestene, men har ikkje klart å ta i mot alle utskrivingsklare pasientar. Giske kommune måtte frå

mars 2020, kjøpe tenesta øyeblikkelig hjelp døgntilbod ved Ålesund lokalmedisinske senter. Årleg kostnad kr 2 mill. Dette var ikkje budsjettert for i 2020.

Dei andre tenestene innan rammeområdet går i balanse eller har eit mindreforbruk. Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drift i andre tenester når nye ressurskrevjande brukarar har kome til. Meirforbruket ville har vore om lag kr 4 mill høgare om ikkje ulike tiltak vart sett i verk.

Kommunestyret vart gjennom heile 2020, informert om dei økonomiske utfordringane som låg til ramme 7. Nye ressurskrevjande brukarar som ikkje er budsjettert for, er ein stor økonomisk risiko for kommunen. 18 brukarar med ressurskrevjande tenester brukte 27% av budsjetten i ramme 7. Pleie og omsorg ventar ei utgiftsauke med om lag 32% dei neste 10 åra. Vidare er det venta ein vekst i behov for pleie og omsorgstenester dei neste 20 åra med om lag 90%.

## Mål/resultat

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt
Vidareføre dagtilbod for demente	Tilbodet er etablert og i drift. Vi hadde ein periode stengt som tiltak knytt til Covid-19	Målet er nådd.
Brukartilfredsheit i tenestene	Vi har ikkje klart å gjennomføre brukarundersøking i 2020.	Målet er ikkje nådd
Sikre framtidig bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege behov	Det vert kontinuerleg arbeidd med å yte lovpålagde tenester. Kommunen må framover legge plan for bærekraftige tenester til brukargruppa.	Målet er ikkje nådd.
Sjuefråvær 7%	Samla sjuefråvær i ramme 7 for 2020: 8,89%	Målet er ikkje nådd
Gjennomføre kompetansehevingsprosjekt: ABC demens, prosjekt det gode pasientforløp "Pro Act"	Kompetanseheving knytt til ABC-demens er gjennomført for dei som allereie er starta opp. Pro Act vert først sett i gong i 2021, om kommunen får tilskot til gjennomføring.	Målet er nådd for ABC-demens, men ikkje for Pro-Act.
Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse som sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar. Vi klarer å rekruttere gode leiarar.	Store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar i ledige stillingar innan alle tenester i pleie og omsorg. Prosjekt VINN VINN vart starta opp i november 2020, Skal mellom anna ha stort fokus på tiltak for rekruttering.	Målet er ikkje nådd.
Redusere ufrivilleg deltid	Auke i stilling til fleire som har hatt ønske for dette. Kartlegging av ufrivilleg deltid gjennomført i 2021. Det vert arbeidd vidare med tiltak knytt opp mot resultat.	Målet er nådd
Ta i bruk dei velferdsteknologiske verktya fullt ut. Gi tilsette nødvendig kompetanse innan området.	Prosjekt velferdsteknologi og prosjekt MiSu. Styringsgruppa har 4 møter i året. Leiarane er tett på arbeidet. Etablert ressursperson velferdsteknologi i alle einingar/avdelingar. Prosjektleiar i 75% og velferdsteknikar i 50%. Elektrisk dørlåsar, smarte dører for demente har stor effekt i tenestene.	Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Tal årsverk skal ikkje auke	Ramma har ikkje auke i tal tilsette i 2020	Målet er nådd
Kostnad for inneliggande pasientar i Helseføretaket skal ikkje overstige budsjett	Rekneskapet syner eit meirforbruk kr 390 000	Målet er ikkje nådd.
God økonomistyring	Rekneskapet syner eit meirforbruk kr 8,436 mill	Målet er ikkje nådd

## Korona

Giske kommune fekk tidleg erfaring med smitte i omsorgstenestene. Allereie i medio mars fekk vi to smitta ved eit omsorgssenter. Det var i perioden stort trykk på tenestene og stor arbeidsbelastning på dei tilsette og leiarar. Stort informasjonsbehov både til brukarar, pårørande og tilsette. Besøksreglar og handtering av dette har vore viktig for å hindre smittespreiing til omsorgssenter og bufellesskap. Giske kommune etablerte raskt smittevernlag, teststasjon, mottak på flyplassen osv. August 2020 fekk Giske kommune oppgåve og ansvar å etablere teststasjon ved Ålesund lufthavn, Vigra, og

i november kom oppgåva om etablering av innreisekarantenehotell. Det har gjennom 2020 kome til mange oppgåver og mykje ansvar til kommunen og helse og omsorgstenestene. Med bakgrunn i alle oppgåvene som vart lagt til helse- og omsorgstenesten valde kommunen å etablere ei eiga avdeling for smittevern. Avdelinga vil fungere så lenge behovet er til stades.

## Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uavhengig av alder. Hindre smittesommer sjukdommar, korona, har naturleg nok vore arbeidd mykje med i 2020. Alle einingane har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgd nasjonale krav og føringar. Giske kommune etablerte eiga avdeling for smittevern, som har ansvar for testing, smittesporing, isolering og karantene. Giske kommune har i tillegg fått i oppgåve å drive teststasjon ved grensekontroll på flyplassen, og innreisekarantenehotell i samarbeid med Ålesund kommune. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med legesenteret for å yte best mogleg samanhengane tenester.

Bærekraftsmål 17: samarbeid for å nå måla. Det er eit tett samarbeid mellom helse- og omsorgstenestene, NAV, oppvekst, og andre aktuelle tenester, Helseføretaket og andre kommunar. Samarbeidsprosjekt som TALK og Betre tverrfagleg innsats.

## Kostra, omsorg 2020

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Kostragruppe	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr.innbyggjar	kr	27 045	30 455	29 067
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	266,1	312,2	315,3
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunen sin samla netto driftsutgifter	%	31,1	33,8	32
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	%	83,4	78,9	78,0
Årsverk per brukar av omsorgstenester	Årsverk	0,78	0,5	0,58
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	%	34,7	32,1	29,0
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	%	32,5	51,5	48,5
Andel innbyggjarar 80 år og over som bur ved institusjon	%	1,4	10,2	11,2
Andel brukartilpassa einarom med eige bad/wc	%	100	94,1	91,6
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	kr	3 770	4 160	4 019
Andel innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	%	1,58	0,84	0,64
Legetimer per veke per bebuar i institusjon	Timar	0,47	-	0,6

## Tal brukarar innan helse og omsorg 2010 -2020

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar med tenester	448	462	448	466	500	510	531	734	878	946	951
Tal tenester	1560	1690	1760	1923	2185	2185	2506	2820	3199	3626	3675
E-meldingar	0	0	0	2283	9201	13 097	14 186	14 374	14 374	16 605	18 346